

## Møtereferat

Dato: 19.05.2015

Emne:	<b>Møtereferat arbeidsgruppe HR HMT</b>		
Til stades:	Ruth Brudvik, Arthur Tøsdal, Irene Næss, Gina H. Landro, Jorunn Bakke Johannessen, Frode Mannsåker og Rikke Richardsen.		
Forfall:			Sak: 2015/3577-3
Møtetid:	06.mai 2015 kl. 09-11	Møtestad: Wigandgården, møterom Krinkelkroken	

**Møteleiar: Frode Mannsåker****Referent: Rikke Richardsen**

1. Referat frå møtet 22.04.15: Godkjent utan endringar. Korrigert mandat for gruppa blir sendt ut umiddelbart.
2. Eksisterande HMT-dokumentasjon i kvalitetsportalen:

a) HMT-fanen

**Gina, Ruth og Rikke** la fram oversikt over informasjonen under HMT-fana, overordna dokument. Under «Overordna styringsdokument» trengs rydding i alle dokumenta - unntatt overordna HMT-plan - for å skilje HMT-oppgåver frå BHT-oppgåver og flytting av informasjonen om «Verneområde og verneombod i fylkesadministrasjonen». Denne kan eventuelt erstattast med skildring av oppgåver og organisering av fylkeshovudverneombod-stillinga (FHV)

Under «Overordna gjennomføringsdokument» ligg ei blanding av prosedyrar, verktøy og skjema ordna i mapper innan ymse fagområde. I tillegg fins fleire enkeltdokument. Dette verkar uryddig, og mange meiner det er vanskeleg å finne den informasjonen dei treng når dei treng den. Noko informasjon manglar – til dømes overordna rutine for korleis ein skal opptre i mobbe-sakar. I nokre tilfelle finn ein rutinar under personal-fana som og høyrer naturleg heime under HMT-fana (t.d. konflikthandtering, omstilling). Her trengs det altså mykje rydding – både i mapper og dokument:

- Skilje BHT og HMT i alle overordna dokument
- Rydde i overordna gjennomføringsdokument – Både i mappe-struktur og enkeltdokument. Det kom t.d. forslag om å rydde alt i to mapper – Fysisk arbeidsmiljø og Psykososialt arbeidsmiljø.
- Fulle på med rutinar/prosedyrar som manglar – eller ved å vise til kor desse kan hentast. Det kom og forslag om å betre søkjefunksjonen og lette søk ved å leggje definerte emneord inn i alle dokument.

b) HMT i Tannhelse

**Irene** har gått igjennom alt materialet som ligg under HMT-fana i Kvalitetsportalen for tannhelse – altså dei lokale dokumenta som gjeld for tannhelsetenesta. Ho fann at dei stort sett er samstemte med dei overordna dokumenta for HFK, men det er «fylt på» med emne som er spesielle for tannhelse, t.d. hygieneplan, informasjon om «Strålekontaktordninga». Ho fann og nokre område

der det er naudsynt med oppdatering – t.d. Lystgass, Akan og Ergonomi. Dette er det gitt beskjed om til rette vedkommande. I tillegg hadde ho innspel til endringar som dei tilsette i tannhelsetenesta ønskjer seg:

- Oversikt over vaksinasjonar og vaksinasjonsprogram hos BHT – ikkje lokalt og opp til den enkelte.
- Styrking av organisasjons-psykolog-tenesta frå BHT – større kapasitet.

3. Generelle tema som kom opp i diskusjonen:

- Dersom det blir aktuelt med HR-kontakt på einingane er det viktig å ta omsyn til at ansvaret for HR ligg i linja og ikkje kan overførast. Diskusjonen gjekk om kor hensiktsmessig det er å eventuelt skilje ansvar frå fokus og engasjement ....
- HMS og BHT. Også her ligg ansvaret i linja, men dersom HFK ønskjer oversikt og kontroll over at linja gjer som den skal innan HMT-området og bruk av BHT, er det avgjerande å ha ein person i administrasjonen som har eit overordna ansvar (for fokus og struktur, ikkje praktisk oppfølging). Det blir altså særst viktig å få på plass ei HMT-rådgjevar/koordinator så snart som mogleg

4. Planlegging av neste møte:

- **Gina** viste fram og sendte ut dokumentet frå BHT som skal brukast i oppgåvegjennomgangen for Organisasjonsavdelinga. Frode sender ut tilsvarande dokument frå Personalseksjonen før neste møte.
- **Arthur** legg fram informasjon om korleis skulene jobbar med HR/HMS/BHT og kva dei treng av støtte innan disse arbeidsområda.
- **Frode** sender ut oppgåvekartlegging for Personalseksjonen og BHT (gjenstår frå sist).

**Neste møte blir onsdag 27.05.2015 kl. 0900 - 1100, same stad.**